


Avtale om vertskommunesamarbeid mellom kommunane

Vinje, Fyresdal, Tokke, Kviteseid, Seljord og Tinn

Samarbeidsavtale om jordmortenester jf. Kommunelova kap. 20



Vertskommuneavtale om jordmorsamarbeid

Denne avtale er heimla i Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova) §§ 20-1-2, 20-4-5, 20-7-8-9 og 10. Lova gjev samarbeidskommunane høve til å delegere myndigheit til å utføre oppgåver og fatte vedtak av ikkje-prinsipiell karakter til vertskommunen.

Denne avtale erstattar *Avtale om interkommunalt samarbeid om jordmortenester etter vertskommunemodell § 28b* mellom kommunane Vinje, Kviteseid, Fyresdal og Seljord som vart inngått med verknad frå 01.01.2018.

1. Vertskommunen og samarbeidskommunane

Avtala er inngått på grunnlag av kommunestyrevedtak i kommunane Vinje, Fyresdal, Tokke, Kviteseid, Seljord og Tinn, og omhandlar samarbeid om jordmortenester, med Vinje som vertskommune. Vertskommunen og samarbeidskommunane er sjølvstendige rettsobjekt og utgjer til saman deltakarkommunane i samarbeidet.

Dersom andre kommunar enn dei avtala omfattar, ynskjer å vera med i vertskommunesamarbeidet, skal dette godkjennast av partane i samarbeidet.

2. Delegasjon

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer myndigheit til kommunedirektøren i sin kommune, som delegerer vidare til kommunedirektøren i vertskommunen, myndigheit til å utføre oppgåver og fatte vedtak i saker som omfattar kommunen sitt ansvar for jordmortenester, og som ikkje er av prinsipiell karakter.

Saker av prinsipiell karakter skal vertskommunen førebu, før saka vert sendt til politisk handsaming i samarbeidskommunane.

Delegert myndigheit frå samarbeidskommunane til vertskommunen kan trekkjast attende med direkte verknad. Dersom ein av samarbeidskommunane vel å trekke delegert myndigheit attende med direkte verknad, må kommunen betale vederlag til vertskommunen ut oppseiingstida.

3. Arbeidsoppgåver og myndigheit til vertskommunen

Vertskommunen har det medisinskfag lege ansvaret for jordmortenesta og myndigheit til å utføre dette på vegne av samarbeidskommunane.

Vertskommunen har myndigheit til å inngå samarbeidsavtale mellom vertskommunesamarbeidet og Sykehuset Telemark Helseføretak (STHF) om beredskap og følgjeteneste for gravide. Ved endringar i samarbeidsavtale mellom STHF og vertskommunen, skal endringane drøftast med samarbeidskommunane.

4. Arbeidsgjevaransvar

Vertskommunen har ansvar for rekruttering og tilsetjingar i jordmorsamarbeid og utøver generelt arbeidsgjevaransvar på vegne av samarbeidskommunane.

Rettigheter og plikter for dei tilsette går fram av signert arbeidsavtale mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar (vertskommunen).

5. Organisering

Vertskommunesamarbeidet disponer ressursar tilsvarende om lag 7,5 årsverk, inkl. administrativ ressurs, som vert fastsett av vertskommunen. Av dette er om lag 3,5 årsverk finansiert av STHF til beredskap og følgjeteneste.

Samarbeidet blir organisert med ei styringsgruppe samansett på overordna administrativt nivå (kommunalsjef for helse og omsorg eller tilsvarende) i deltakarkommunane. Styringsgruppa møtes minimum ein gong årleg for å evaluere og drøfte samarbeidet.

Faste punkt på agendaen for årlege møte:

- Gjennomgang av årsrapport for vertkommunesamarbeidet og samarbeidet med STHF om følgjeteneste og beredskap
- Budsjett
- Rekneskap

6. Lokalisering

Jordmorsamarbeidet er lokalisert i STHF/DPS sine lokale i Seljord.
Vertskommunen har mynde til å inngå avtale med STHF om leige av lokale.

7. Rapportering

Årsmelding og rekneskap sendast frå vertskommunen til samarbeidskommunane.

8. Driftsutgifter og kostnadsfordeling

Budsjettet består av lønn tilsvarende om lag 8 årsverk og andre driftskostnader.
Samarbeidskommunane betaler i tillegg eit administrasjonspåslag på 5% av brutto utgiftsramme til vertskommunen, jf. avtale mellom kommunane i Vest-Telemark.

Etter at finansiering frå STHF er trekt frå, vert kostnadane fordelt mellom deltakarkommunane.
Fordelingsnøkkelen mellom kommunane er 30% fordeling etter innbyggjartal og 70% fordeling etter talet på fødselar dei siste 10 åra.

Vertskommunen informerer samarbeidskommunane om budsjett for komande år innan 01.10.
Kostnadsfordeling vert gjort på grunnlag av folketal per 01.01. i budsjettåret.
Vertskommunen sender akontokrav til samarbeidskommunane kvartalsvis, med avrekning ved slutten av året.

9. Klagesaker

Dersom det vert klaga på vedtak etter Forvaltningslova §22 fyrste ledd, er den kommunen som vert påklaga og som har delegert mynde til vertskommunen som er klageinstans. Administrasjonen i vertskommunen er då underinstans etter Forvaltningslova §33 andre ledd.

10. Kontrollutvalets myndigheit i vertskommunen

Kontrollutvalget i vertskommunen fører kontroll med verksemda i vertskommunen på vegne av alle deltakerne i vertskommunesamarbeidet.

11. Iverksetjing, endring og oppseiing av avtala

Overføring av oppgåver og mynde til vertskommunen gjeld frå 01.04.26.
Endring i denne avtala kan berre gjerast av kommunestyra dersom alle deltakarkommunane gjer likelydande vedtak.

Avtala er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eitt års varsel etter vedtak i det aktuelle kommunestyret.

Dersom deltakarkommunane er samde om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløysast med direkte verknad.

12. Tvistemål

Ueinigheit skal søkjast løyst gjennom forhandling. Dersom dette ikkje fører fram, skal saka avgjerast ved valdgift i samsvar med Tvistemålslova.

Dato:

Dato:

Vinje kommune (sign.)

Tokke kommune (sign.)

Dato:

Fyresdal kommune (sign.)

Dato:

.....
Nissedal kommune (sign.)

Dato:

Kviteseid kommune (sign.)

Dato:

.....
Seljord kommune (sign.)

Dato:

Tinn kommune (sign.)